

- du finn oss i skog,
mark og fjøre, uansett fjøre!

RØRSTADMARKA BARNEHAGE

ÅRSPLAN DEL 2

KALENDERPLAN 2024-2025

INNLEIING

INNHALD

- Innleiing s. 2
- Bursdagsfeiring og dagsrytme s. 3
- Personal s. 4
- Barnegrupper s. 5
- Hovudtema s. 6 - 7
- Metodiske opplegg s. 8
- Marihøna s. 9
- Humla s. 10
- Bikuba s. 11
- Kalenderdel s. 12 - 37
- Overgangar s. 38
- Barnehagerute s. 39
- Progresjon i barns utvikling s. 40

KALENDERPLAN

Årsplan del 1, frå A til Å, inneheld informasjon som ikkje endrast frå det eine året til det neste. Årsplan del 2 er utforma som ein kalender og kjem ut i ny utgåve kvart barnehageår. Informasjon om barnehagen og avdelingane er fremst. Kvar månad står det litt generelt om temaet vi jobbar med. Årsplanen må sjåast i samanheng med informasjon på vår digitale plattform på Kidplan. Der legg gruppene ut eigen periodeplan når det blir nytt tema, og dei oppdaterte vekeplanane vil ligge der. I kalenderdelen til årsplanen har vi lagt inn det vi kjenner til om fridagar, planleggingsdagar, felles arrangement, bursdagar osv.

E-POST OG TELEFON

Kidplan er vår primære kommunikasjonsplattform med føresette, utanom den daglege kontakta i garderoben. Der sender vi mellom anna ut diverse informasjon, innkalling til foreldresamtalar, push-varsel på planar og bilder vi har lagt ut. Det er derfor viktig at barnehagen har rett e-postadresse og telefonnummer til føresette. Faktura for barnehageplass blir også sendt ut med e-post.

Rørstadmarka barnehage SA
Rørstadmarka 25, 6035 FISKARSTRAND

Tlf: 70 19 40 50

Kontoret: tast 1

Marihøna: tast 2 (469 17 387)

Bikuba: tast 3 (468 66 215)

Humla: tast 4 (468 99 479)

Førskulegruppa: tast 5 (468 45 762)

E-post: post@rorstadmarka-barnehage.no

Nettside: <http://rorstadmarka.barnehage.no>

Følg oss på Facebook!



Barnehagen er medlem av PBL,

Private Barnehagers Landsforbund

E-postadresse: post@rorstadmarka-barnehage.no

BURSDAGSFEIRING

Bursdagane blir feira på barnet si gruppe.

Vi flaggar for barnet og heng ut bursdagslapp på ytterdøra. I forkant av dagen får barnet lage seg bursdagskrone og får velje kva mat vi skal ha den dagen. Da kan dei velje mellom:

- Grønsaker og dip
- Frukt med vaniljekesam
- Grønsaksuppe med brød
- Tomatsuppe med brød og evt. egg
- Havregrynsgraut
- Smoothie

Barnet får velje sjølv kva vi skal gjere på i bursdagssamlinga. Det kan vere ein lek, lese favoritt boka/eventyret, ha songsamling og liknande. Barnet får sitte i bursdagsstolen med bursdagskrone, vi syng bursdagsong og vi koser oss med god og sunn bursdagsmat. På Marihøna blir val av bursdagsmat gjort i lag med foreldra.

Desse symbola blir brukt i kalenderen når eit av barna har bursdag:



5 om dagen tilsvarar fem porsjonar grønnsaker, frukt og bær. Halvparten bør vere grønnsaker, den andre halvparten frukt eller bær.

Ein 5-er for eit barn er om lag ei handfull.

DAGSRYTME

06.30	Barnehagen opnar. Vi et frukost og leikar
09.00	Frukost er ferdig
09.30-14.00	Gruppedeling og tilrettelagte aktivitetar (sjå vekeplan) og lunsj.
Ca 14.00	Lett måltid inkludert frukt Frileik inne og ute
16.30	Barnehagen stenger

Dagsrytma kan sjåast som eit rettleiande verktøy i planlegginga vår. Sjå kalender i Kidplan for dagsrytma som gjeld dei ulike gruppene/avdelingane.

5 OM DAGEN

Rammeplan for barnehagen seier at vanar og handlingsmønster tek form allereie frå tidleg alder. Helsedirektoratet skriv i sine anbefalingar for mat i barnehagen at det bør serverast grønnsaker og frukt eller bær kvar dag. Som 5 om dagen-barnehage serverer vi oppkutta grønnsaker og frukt til lunsj og ettermiddagsmåltid. Vi anbefalar foreldre å legge ved litt frukt og grønt til barna som har med eigen frukost.

PERSONALET

MARIHØNA

HUMLA

BIKUBA

KONTORET

ANNE

ANCA

REBEKKA

KRISTIN

ANETTE

JORUNN

KRISTINE

SOFIE

ELIN

HELENE

LINDA

TRINE

STINE

MARTINE

MARTE

WENCHE



Faste vikarar og studentar som skal vere i barnehagen vil bli presentert med oppslag på avdelinga.

BARNEGRUPPENE

MARIHØNA

OLINE
SAMUEL
HELENE
SEBASTIAN
ALEAH
EMILIE
ANNA
ELLIE JANE
ASLAK
LUNA
ELISA MALENE
NELLY



HUMLA

ELLA
SARA
INE
KORNELIA
ALVILDE
ADA
LYDER
JULIA
AGNES
NEITAS
LUKA
ANN MARIE
MILLIE
NORA
LOUIE

BIKUBA

NICOLAUS
OLAI
TORJE
RAVN
SOLVÅR
THEA
UNNI
SØLVI
NOA
LUKAS
OLIVER
MICAIAH
PHILLIP
ELINE
KAJA
MATHILDE S.
BERIVAN EVELYN
MATHILDE M. S.
ULRIK
BASTIAN
SYNNE
AILO
ELEAH
MARIUS
ANDREJ
FREDRIK
VINCENZO



INKLUDERING

I Meld. St. 6 (2019–2020) (regjeringen.no) blir dei store linjene om demokrati, verdiskaping og velferd trekt heilt ned til inkludering av barn i barnehagealder. I trygge rammer skal trivsel, meistring og leik gjere at barnet opplever seg som ein verdifull del av fellesskapet og blir godtatt som det er. Rammepleanen seier at barnehagen skal bidra til at alle barn kjenner seg sett og anerkjent for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet, (Utdanningsdirektoratet, 2017). Her blir det også peika på at barndommen har ein eigenverdi i seg sjølv, og at vi i henhald til Grunnlova §104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1 skal ha barnets beste som grunnleggande omsyn i alle handlingar og avgjersler som berører barnet.

Barnet si stemme skal vi høre gjennom det barnet fortel sjølv og viser med kroppsspråket sitt, det foreldre fortel og det vi som jobbar i barnehagen observerer. Barna skal ha eit trygt og godt miljø i barnehagen.

Inkludering er å legge til rette for:

- Fellesskap; *du er ein av oss.*
- Deltaking; *i aktivitetar og det sosiale fellesskapet.*
- Medverknad; *kunne seie si meining og bli lytta til.*
- Utbytte; *fagleg og sosialt utbytte for alle.*

Alle barn er ulike og har ulike forutsetningar. I arbeid med inkludering krev det ein del av oss som jobbar med barn. Det handlar om dei store aktivitetane som turar og opplegg på avdelinga, men også om dei små møta i kvardagen. Det er avgjerande korleis vi vaksne møter barna. Dei vaksne rundt barna i barnehagen skal skape trygge rammer for alle barna og sjå til at dei trivast. Vaksne med tydelege forventningar og relasjonell varme vil legge til rette for trygge og gode barnehagemiljø, som igjen fremmer sosial kompetanse (Roland, 2021). Barna treng å utvikle leikekompetansen sin i takt med dei andre barna, og oppleve meistring, vennskap og gode relasjonar.



INKLUDERING

Personalet i Rørstadmarka barnehage skal jobbe med inkludering gjennom heile året der målet er at alle barna skal føle seg inkludert i fellesskapet. Dei vaksne rundt barna skal snu fokus inn mot seg sjølv og spørre: kva kan vi gjere? Personalet må vere kreative, finne løysingar og aktivitetar som fører til ein inkluderande praksis.

Gjennom utviklingsarbeid for personalet skal vi auke vår kunnskap og kompetanse i inkludering og inkluderande fellesskap i barnehagen, og korleis vi i vårt arbeid skal sikre eit trygt og godt psykososialt miljø i barnehagen.

Vi ønsker at alle barn skal føle at dei er ein viktig del av fellesskapet i barnehagen, det har betydning både her og no, men også i det lange løp. Eit barn som opplever seg verdifullt og betydningsfullt i sine første år vil kjenne seg tryggare og stå stødigare i utfordringar og «humpar i vegen» når dei i skule, fritid og etterkvart vaksenliv skal skape nye relasjonar og løyse ukjente oppgåver.

For at barna skal få til å bidra i fellesskapet og inkludere andre, må dei kjenne til og gjenkjenne følelser. Med kjennskap til eigne følelser er det enklare å forstå og gjenkjenne andre sine følelser. Og dermed er vi inne i



kjerna av «Livet og sånn», eit metodisk opplegg vi nyttar som set ord på ulike følelser og gir verktøy til å møte dei. De finn meir informasjon om dette på neste side.

Å HØYRE TIL

*Vondt er av alle andre
bli trakka på og trengd.*

*Men vondare å veta
at du er utestengd.*

*Det er så mangt i livet
du ventar deg og vil.*

*Men meir enn det å vera,
er det å høyre til.*

J.M Bruheim



VI JOBBAR MED

TRAS

*Tidleg Registrering Av Språkutvikling
- i dagleg samspel*

Som fleire barnehagar i Sula kommune, brukar vi ved behov eit kartleggingsmateriale som skal auke kunnskapen rundt barna si språklege utvikling, samt bidra til at barn som strevar med språkutviklinga blir registrert og får hjelp på eit tidleg tidspunkt.

Utarbeidd av: Bredtvet kompetansesenter.

ALLE MED

Dette er eit observasjonsskjema som gir eit heilskapleg bilde av kva barnet meistrar. *Alle med* dekker seks utviklingsområde: leik, trivsel, kvardagsaktivitetar, sansemotorisk utvikling, språk og sosio/emosjonell utvikling. Dette er eit observasjonsmateriale som følger barnet frå 1-6 år og som er til hjelp for personalet i det pedagogiske planleggingsarbeidet.

BARNEMAPPE

Kvart barn får si eiga barnemappe når dei startar i barnehagen. I denne vil vi samle bilete, teikningar, meistringar og opplevingar som barnet har hatt i barnehagen. Dette gjer vi for å kvalitetssikre og dokumentere arbeidet vårt i barnehagen. Barnet får den med heim når det sluttar i barnehagen.


LIVET & SÅNN



Barnehagane, skulane, PPT og helsestasjon i Sula kommune møter dei same barna og jobbar i fellesskap med å gi dei språk og verktøy til å meistre livet og dei utfordringane dei kan møte. Livet & sånn er eit gratis opplæringsmaterieill for folkehelse og livsmeistring, utarbeidd av Ålesund kommune med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Livet & sånn er tilrettelagt for barnehagealder og alle klassesetrinna ut grunnskulen. På nettsida www.livetogsann.no er det tilgjengelege ressursar for barna, heimen og tilsette. Med fokus på følelsar får vi lære om ulike følelsar, korleis dei kjennest ut i kroppen, kva vi skal med følelsar, korleis vi kan handtere dei og kva dei vil fortelje meg.

Plakatar eller samtalekort kan skrivast ut og bli brukt som utgangspunkt for samtalar, hengast opp på veggen, eller i svart-kvit til fargelegging. Gruppene vil bruke tilgjengeleg materieill tilpassa alder, tema og behov.



MARIHØNA

BARNA:

OLINE

SAMUEL

HELENE

SEBASTIAN

ALEAH

EMILIE

ANNA

ELLIE

ASLAK

LUNA

ELISA

NELLY

«Omsorg og trygghet, ein god start på Marihøna»

På Marihøna finn vi dei yngste barna i barnehagen. Mange barn og foreldre møter barnehagelivet for første gong, noko som kan vere litt skummelt. Omsorg og tryggleik står i fokus her, og dei vaksne er mykje på golvet ilag med barna der vi leikar. Vi jobbar for at barna skal bli trygge, og då er det viktig at vi er tilgjengelege der dei er. Vi har fokus på gode rutiner og forutsigbarheit. Eit godt samarbeid med foreldra er særst viktig for at vi skal kunne ivareta barnet på best mogleg måte.

Marihøna har for første gong ei rein 1-årsgruppe. Det skal bli spennande å få følge barna dokka dette første året i barnehagen. I år skal vi ha inkludering som eit overordna tema gjennom heile året. Vår oppgåve her med dei yngste blir å skape trygge rammer for barn og foreldre. Ved å kjenne seg trygg, har vi eit godt utgangspunkt til å skape eit godt og inkluderande miljø for alle. Det er i alle fall målet vårt, og noko vi heile tida vil jobbe for å få til. Barna er i ein alder der dei lærer nye ting heile tida, både språkleg, motorisk og sosialt. Vi ser i bøker, fortel eventyr og bruker språket aktivt ilag med barna. I leiken øver vi på å dele, og det å vente på tur. I det daglege øver vi også på sjølvstendigheit saman med barnet. Barn liker å prøve sjølv og blir glad og stolt når dei meistrar.



BARNA:

ELLA

SARA

INE

KORNELIA

ALVILDE

ADA

LYDER

JULIA

AGNES

NEITAS

LUKA

ANN MARIE

MILLIE

NORA

LOUIE

HUMLA

«Alle skal ha ein venn»

Temaet vi har på barnehagen i år er inkludering. På Humla skal vi ha fokus på å bli godt kjent med alle som er nye for kvarandre, den nye avdelinga, og Humlebarna som gruppe. Både barn-barn og barn-vaksen. Vi skal lage oss gode rutiner og rytme i kvardagen der vi skal øve på å ha toleranse for kvarandre og kvarandre sine ulikheiter. Alle har ulike føresetnadar og er ulike i både utvikling, utsjånad og veremåte, og det er bra! Då kan vi lære av kvarandre, ha rollemodellar å strekke oss etter slik at vi utviklar oss til å bli den beste versjonen i oss sjølv. Det er viktig at kvar enkelt skal oppleve å bli sett og høyrtd, og at alle kjenner på ei glede berre ved å vere ilag. Vi skal styrke vennskap og samspel i gruppa, og passe på at ingen står aleine eller kjenner på einsemd. Barna er i ein alder der vi vil sjå stor utvikling og meistring gjennom leik og kvardagsaktiviteter, og gjennom året vil vi kvar månad ha ulike tema vi skal jobbe med. Slik blir kvardagen dette året på Humla ei spanande avdeling å vere på!



Dette barnehageåret blir Humla ei avdeling med 15 barn i alderen 2 til 3 år. I ei slik «mellomgruppe» vil det vere ulike behov og brytningstid for mange av barna. Soving, do-gåing og smukk-ønsker kan vere veldig ulikt i denne alderen, og dei kan alle ha sterke meiningar om handlingane til dei rundt. Dette gjeld både til vennar, foreldre og til oss vaksne i barnehagen.

Vi vil møte dette med å vere vaksne som har tydelege forventningar og er forutsigbare for barna. Samtidig skal vi ha ein relasjonell varme for barna. Det legg til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø, som igjen fremmer sosial kompetanse (Roland, 2021).

BARNA:

FØRSKULE- GJENGEN:

NICOLAUS

OLAI

TORJE

RAVN

SOLVÅR

THEA

UNNI

SØLVI

BIKUBA

«Eg høyrer og gløymer, eg ser og hugsar, eg gjer og forstår»

Fellesskap er ein viktig del av kvardagen vår. Vi ønsker at alle barna skal vere trygg, kjenne på meistring og gleda av å ha ein venn. Barna skal bli møtt av vaksne som lyttar, ser og forstår barnet. Vi skal støtte sjølvkjensla til barnet, samtidig som vi skal hjelpe dei til å finne balansen mellom eigne behov og det å ta omsyn til andre sine behov.



Det blir nokre aktivitetar for berre førskulegjengen gjennom året. Det er mellom anna svømming, julevandring, påskevandring og samarbeid med skulen.

Ein dag i veka vil førskulegjengen ha skoggruppe. Dagen ser da slik ut: samling, påkledning, pakke sekk og gå på tur i nærmiljøet. Når vi kjem tilbake til barnehagen skal vi gjenfortelje kva vi har gjort på, lage ei felles historie som vi skriv ned og alle skal få teikne i boka si.

Leik og språkutvikling

Leiken har ein sentral plass i barnehagen og i kvardagen legg vi til rette for både fri og tilrette-lagt leik. Leiken er ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Vi skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik, både inne og ute.

Vi bruker språket aktivt i lag med barna, heile dagen. Vi les bøker, fortel eventyr, synger, lærer rim og regler, tøyser, sett ord på kva vi gjer og lyttar til kvarandre.

BARNA:

NOA

LUKAS

OLIVER

MICAH

PHILLIP

ELINE

KAJA

MATHILDE S.

BERIVAN EVELYN

MATHILDE M.S.

ULRIK

BASTIAN

SYNNE

AILO

ELEAH

MARIUS

ANDREJ

FREDRIK

VINCENZO

AUGUST

MoTo: Månadens bevegelse er koordinasjon

«TILKNYTNING»

I august startar vi opp med nytt barnehageår. Fleire av barna bytar avdeling og skal bli betre kjende med «nye» barn og ansatte. Andre barn er heilt ferske i Rørstadmarka og fleire byrjar i barnehage for aller fyste gong. Overgangar som dette kan for enkelte gå lett, medan andre kan styre si begeistring – og begge deler er heilt vanleg. Personalet har ansvar for å leggje til rette for ein god start, og det viktigaste stikkordet i oppstartsfasa er tryggleik! Vi ønsker at den første tida skal vere prega av rutinar, ro og forutsigbarheit.

Fokus denne månaden:

- Bli trygg nok på si eiga avdeling til at avskjeden med foreldra går fint.
- Knyte nye relasjonar og bli kjent med nye barn og vaksne.



Tips til føresette:

Du er den viktigaste premissleverandøren til barnet ditt når det gjeld tryggleik. Dersom du er roleg og positivt innstilt til barnehagen vil dette gjerne «smitte» over på barnet. Om du er nølende ved avskjed, eller usikker på situasjonen sjølv vil barnet truleg fange opp dette.


- Gje tydeleg beskjed til barnet når du går, ikkje snik deg unna.
- Om du ikkje høyrer frå personalet, men er nysgjerrig på korleis det gjekk etter at du tok avskjed – ikkje nøl med å ta kontakt på melding eller telefon.
- Om du lurar på noko som helst – spør!

Velkommen-sangen

*(Siri) er her,
og (Arne) er her.
Takk og pris for at (Anja) er her.
I vår lille ring har vi (Tor) her i
dag,
Og (Anne) er her det er bra –
Hipp hurra!*



August 2024



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
31				1 Kornelia 3 år! 	2	3	4
32	5	6	7	8	9	10 Torje 5 år! 	11
33	12	13	14	15 Planleggingsdag for personalet, barnehageng stengt	16	17 Alvilde 3 år! 	18 Luka 2 år! 
34	19	20	21	22	23 Ravn 5 år! 	24	25
35	26	27	28	29	30	31 Mathilde S. 4 år! 	

SEPTEMBER

MoTo: Månadens bevegelse er grunnleggande aktivitet

BRANNVERN

Kvart år markerer barnehagar over heile landet brannvernveka i veke 38. Då er målet å sette fokus på brannsikkerheit og skape varige og gode haldningar til brannvern hos barna, familiare og dei tilsette i barnehagen. I år har vi valgt å jobbe med brannvern i heile september. Då rekk vi meir og vi kan gå djupare inn i temaet. Brann kan vere eit skremmande tema for barn. Vi må skunde oss ut utan at vi får ta med tinga våre. Ved å få jobbe med temaet over lang tid håpar vi å få trygge barna og lære dei kva som er viktig at dei gjer og *ikkje* gjer i ein slik situasjon.


Sjølv om brannvern er ei form for opplæring så skal vi ha ei leikande tilnærming til temaet. Aktivitetane skal vere varierte og barna skal få utforske, leike og ta sansane i bruk. Ein kan jobbe innanfor alle dei ulike fagområda i barnehagen slik at barna får tileigna seg kunnskap og erfaring på variert vis og etter alder og forståing.

Brannøving er ein sjølvsgt aktivitet når vi har dette temaet. Og brannbamsen Bjørnis er ein figur som det er naturleg at vi blir bedre kjent med denne månaden. I tillegg har vi opplegget Eldar og Vanja til bruk i opplæringa.

Det er fint å ta inn MoTo-bevegelse for september måned i brannvern-temaet. Grunnleggande bevegelse kan vere å krype, gå, klatre, rulle osv. Dette skal vi mellom anna øve på når vi skal gå roleg ut under ei brannøving, krype under den fiktive røyken osv.



September 2024



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORS DAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
35/40	30						1
36	2	3	4	5	6	7	8
37	9	10	11	12	13	14	15 Emilie 1 år! 
38	16 Berivan 4 år! 	17	18	19	20	21	22
39	23	24	25	26	27	28	29 Ann Marie 2 år! 

OKTOBER

MoTo: Månadens bevegelse er kinetisk sans og auge-hand trening

FNs BÆREKRAFTSMÅL 


FN'S BÆREKRAFTSMÅL OG MANGFALD

FNs bærekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane. Dei består av 17 mål og eit av hovudprinsippa er at ingen skal utelatast. Slik er det lett å knytte måla til temaet vårt for dette barnehageåret: inkludering og mangfald. Alle menneske, uansett bakgrunn, funksjonsevne, kjønn, etniske og religiøse minoritetar og urfolk er like mykje verdt og skal ha likeverdige muligheiter.

Bærekraft i barnehagen er å lære barna å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Gjennom forskrifta Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver har barnehagen fått ei viktig oppgåve med å fremme verdiar, haldningar og praksis for eit meir bærekraftig samfunn. Barna er den viktigaste ressursen vi har for framtida og gode haldningar må etablerast tidleg i livet. Vi skal difor gi barna gradvis erfaring med å meistre å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Dette dannar grunnlaget for eit godt liv og ei bærekraftig utvikling av samfunnet på sikt.












I barnehagen kan vi gi barna mulighet til å delta i daglege gjeremål, vise omsorg, trøste og hjelpe kvarandre. For at barna seinare skal ønske å verne om naturen må dei først lære å sette pris på den. Ved å leike, utfalde seg og få ta i bruk ressursane i naturen på ein måte som ikkje øydelegg den vil dei også gradvis tileigne seg kunnskap om ei bærekraftig forvaltning av naturen. Vi skal bidra til å gi dei ei forståing av at våre handlingar får konsekvensar for framtida og at vi difor må ta vare på oss sjølve, kvarandre og naturen.

Som ein del av temaet for oktober så vil barnehagen delta i årets TV-aksjon. I år går midlane til Barnekraftforeninga og vi tenker at det er eit flott tiltak å støtte. Vi vil nytte oss av nettressursen til Salaby som har eit eige opplegg for barnehage knytt til temaet.



Oktober 2024



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
40			2 Solvær 5 år! Mathilde M. 4 år! 	3	4	5 Thea 5 år! 	6
41	7	8	9	10	11 Anna 1 år! 	12	13
42	14	15 Millie 2 år! 	16 Ulrik 4 år! Planleggingsdag for personalet, barnehagen stengt 	17	18	19	20
43	21 Ellie Jane 1 år! 	22 Bastian 4 år! 	23 Aslak 1 år! Ada 3 år!  	24 Unni 5 år! 	25	26	27
44	28	29	30 Synne 4 år! 	31			

NOVEMBER

MoTo: Månadens bevegelse er berøringssans

KREATIVITET OG INKLUDERING

November måned i barnehagen, er ei særs kreativ tid, der vi førebur mykje til advent og jul saman med barna. Vi har mykje formingsaktivitetar, der barna får bruke og utvikle den kreative sansen sin på mange måtar. Vi driv mellom anna med maling, liming, klipping, syng, veving, sansing osv. Vi tar utgangspunkt i barnas alder og interesser, når vi legg opp til ulike aktivitetar, og det er berre fantasien som kan setje grenser for kva vi kan gjere saman.

Inkludering handlar om å gjere ting ilag, og skape eit godt fellesskap. Det er viktig at alle kjenner at dei er ein del av det sosiale fellesskapet. Det å ha slike kreative prosessar ilag med barna på deira nivå, skapar ofte eit godt samspel, både mellom barn, og mellom barn og vaksne. Det å kjenne på ein tilhørighet, og at ein er ein del av ei gruppe, er viktig for oss alle.


Denne månadens bevegelse er berøringssansen, så det er naturleg at vi bruker denne sansen i arbeidet vårt med dei ulike fagområda. Når barn beveger seg, blir løfta, stelt, trøysta, får dei berøring og trykk. Hos barn er berøringssansen sterkt konsentrert rundt lepper og tunge, handflater og fotsålar. Vi skal difor la barna oppleve ulike tekstur, varmt/kaldt, vått/tørrt, mjukt/hardt. Dette er fint å jobbe med i fagområdet kunst, kultur og kreativitet no før jul.



*Lille Petter edderkopp,
spinn bare, spinn bare, spinn dagen lang.
Regnet det pøser ned,
Solen går opp og ned,
spinn bare, spinn bare, spinn dagen lang.*



November 2024



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
44					1	2	3
45	4	5	6	7	8	9 Luna 1 år! 	10 Elisa Malene 1 år! 
46	13	12 Nora 2 år! 	13	14	15	16	17
47	18	19	20	21	22	23	24 Sølvi 5 år! 
48	25	26	27	28	29	30	

DESEMBER

MoTo: Månadens bevegelse er hørselssans og finmotorikk

JUL

– Fellesskap og tradisjonar

Desember er ein kjekk månad i barnehagen. Vi skapar store forventningar for både store og små med alle aktivitetane vi har saman. Det er i denne tida før jul, at vi har flest felles aktivitetar og samlingar i barnehagen. Vi har fire felles adventsstunder i lag, og vi feirer lucia og nissefest saman. Alle utanom dei aller yngste, 1-åringane, reiser også til kyrkja i lag for å delta på julegudsteneste.

Dette skapar både glede og forventningar, og eit fellesskap på tvers av både alder og avdelingar. Advent betyr ventetid, og vi skal fylle ventetida med gode opplevingar. I desember månad er spesielt sansane våre i fokus. Vi ser, lyttar, føler, smakar og luktar på jula. Vi gler oss til baking, adventsstunder, og alt det andre som følger med!



Advent av: Inger Hagerup

Så tenner vi et lys i kveld, vi tenner det for glede.

Det står og skinner for seg selv og oss som er tilstede.

Så tenner vi et lys i kveld, vi tenner det for glede.

Så tenner vi to lys i kveld, to lys for håp og glede.

De står og skinner for seg selv og oss som er tilstede.

Så tenner vi to lys i kveld, to lys for håp og glede.

Så tenner vi tre lys i kveld, for lengsel, håp og glede.

De står og skinner for seg selv og oss som er tilstede.

Så tenner vi tre lys i kveld for lengsel, håp og glede.

Vi tenner fire lys i kveld og lar dem brenne ned.

For lengsel, glede, håp og fred, men mest allikevel

for fred på denne lille jord, hvor menneskene bor.



Desember 2024



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
48 / 1	30 Barnehagen stengt	31 Nyttårsaftan, barnehagen stengt					1
49	2	3	4	5	6	7	8 Louie 2 år! Ailo 4 år!
50	9	10	11	12 Eleah 4 år!	13	14	15
51	16	17	18	19	20	21 Nelly 1 år!	22
52	23	24 Julaftan, barnehagen stengt	25 1.juledag, barnehagen stengt	26 2.juledag, barnehagen stengt	27 Barnehagen stengt	28	29

JANUAR

MoTo: Månadens bevegelse er balansesans

VINTER

Vinteren er ei spennande tid for barn. Først og fremst er fokuset på den kvite snøen som legg seg tett på bakken, som dalar ned frå himmelen og som til og med kan være både freistande og god å smake på. Vi skal bruke vintertida saman med barna til å undre oss, til og snakke om og til og utforske det vinteren kan by på av ulike aktivitetar, endringar i naturen og samspel.

Nærmiljøet vårt er viktig, og ein stor del av kvardagen. Vi legg opp til turar etter alder og forutsetning for å skape meistring, nysgjerrigheit og samhold. Trømyra med akebakken, Lømyra med fotballbana og gapahuken, Rørstadmarka skule med gymsalen og det fine uteområdet, Kværnhushaugen med leikeplassen og uteskuleplassen med moglegheit for å lage mat på bål, for å nemne nokre.

I januar er det balansesansen som er månadens moto-bevegelse. Då skal oss jobbe med aktivitetar som mellom anna er å balansere/følgje ei linje, snurre, rulle og bevege oss i ulendt terreng.



Det snør, det snør
av Thorbjørn Egner

Det snør, det snør, tiddeli bom.

Det er det det gjør, tiddeli bom.


Nå snør det mye mer enn før
tiddeli bom og huttemeg tu.

Så kaldt det er, tiddeli bom.

Jeg kjenner det her, tiddeli bom.

Jeg kjenner det på mine tær
tiddeli bom og huttemeg tu.

Januar 2025



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
1			1 1. nyttårsdag, barnehagen stengt	2 Planleggingsdag for personalet, barnehagen stengt	3 Marius 4 år! 	4	5
2	6	7 Andrej 4 år! 	8	9	10	11	12
3	13	14	15	16	17	18	19
4	20	21	22	23	24	25	26 Lyder 3 år! 
5	27	28	29	30	31		

FEBRUAR

MoTo: Månadens bevegelse er koordinasjon

KARNEVAL

Februar er karnevalsmånad i barnehagen, og eit av høgdepunkta i året for både barn og vaksne. Karneval i barnehagen handlar om så mykje meir enn å kle seg ut. Vi skal bruke tida før til å førebu oss med kreativ maske/kostyme-verkstad og planlegging av aktivitetar. Barnehagen skal i følge Rammeplanen for barnehagen være ein kulturarena der barna får opplevingar med kunst og kultur i barnehagen. Det kan leggje grunnlag for tilhøyrlighet, deltaking og eige skapande arbeid. Barna skal få estetisk erfaring med kunst og kultur i ulike former, organisert på måtar som gir barna anledning til utforsking, fordjuping og progresjon. (Kunnskapsdepartementet, 2017)

I år skal personalet arbeide med inkludering gjennom heile året. Til karnevalet skal vi legge til rette for fellesskap, deltaking, og medverknad. Karneval er ein fin moglegheit for barna å øve seg på å samhandle med kvarandre. Vi legg opp til verkstad med heimelaga kostyme og lar barna få medverke i val av aktivitetar. På karnevalet nyttar vi avdelingane til ulike karneval-aktivitetar som lar alle få delta på kryss og tvers. Det er kjekt og samarbeide på tvers av alder slike dagar, det skapar forventningar og spenning og vi opplever at dei eldste viser god omsorg for dei yngste barna.




Nasjonaldagen til samane:




*6. februar er det nasjonal-
dagen til samane.*

*I Rørstadmarka barnehage
markerer vi dagen med felles
samling og god mat. Vi
ønsker å la barna få bli kjend
med samisk kultur og verd-
sette mangfald.*



Februar 2025



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
5						1	2
6	3	4 Noa 5 år! 	5	6	7	8	9
7	10	11	12 Julia 3 år! 	13	14 Lukas 5 år! 	15	16
8	17	18	19	20	21	22	23
9	24	25	26	27	28 Fredrik 4 år! Nicolaus 6 år! 		

MARS

MoTo: Månadens bevegelse er stabilitet og balanse

VÅR

Om våren skjer der mykje i naturen kring oss. Graset og trea blir grønne, blomane veks opp overalt, trekkfuglane kjem tilbake og insekta blir fleire. Å følge med på naturen i endring er kjekt for både små og store, og bidreg til mykje undring og utforsking. Vi er mykje ute i barnehagen, og ønskjer å gi barna gode naturopplevingar og la dei lære og erfare korleis vi skal ta vare på naturen. Rammeplanen for barnehagen (kap.9) seier vi skal leggje til rette for mangfoldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for lek, undring, utforsking og læring.



Barn bruker naturen godt, og kan lære kvarandre mykje gjennom leiken sin. Saman kan vi forske og følge med på utviklinga, lære namnet på ulike plantar og dyr, leike, undre oss ilag, erfare og ha det kjekt ute.

Alle fugler små de er

*Alle fugler små de er
kommet nå tilbake*

*Gjøk og sisik, trost og stær
synger alle dage.*


*Lerka jubler høyt i sky,
ringer våren inn på ny*

*Frost og snø de måtte fly,
her er sol og glede*



Gråsisik

Mars 2025



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
9 / 14	31					1	2
10	3 Oline 2 år! Samuel 2 år! 	4	5	6	7	8	9
11	10 Olai 6 år! 	11 Agnes 3 år! 	12	13	14	15	16
12	17	18	19	20	21	22	23
13	24 Planleggingsdag for personalet, barnehagen stengt	25	26	27	28	29	30

APRIL

MoTo: Månadens bevegelse er kaste/sparke-aktivitet

PÅSKE

I barnehagen markerer vi påkehøgtida kvart år. Vi har kjekke påskeaktivitetar med ulike formingsaktivitetar, ofte får vi besøk av påskeharen og førskulegruppa blir invitert til påskevandring i kyrkja. Rett før påske inviterer vi foreldre og søsken til påskefrukost i barnehagen.

Det er likevel *eitt* stort prosjekt som har blitt ein tradisjon i barnehagen vår; vi legg egg i rugekassa. Barna får vere med å legge i egg og kjenne at rugekassa er varm. Dei følger med på utviklinga og nokre får vere med å «lyse egg» for å finne ut om det er noko inni dei.




Utgangen av prosjektet er kyllingar i barnehagen og det blir det mange samtalar av. I lag med barna reflekterer og spekulerer vi. Det at egg kan bli til kyllingar i utgangspunktet er ikkje til å tru for barna, det fører alltid til mange spørsmål. Som regel har vi ulike fargar på egg, og kvifor er ikkje alle kyllingane gule? Det er det forresten mange vaksne som

blir overraska over, også. Kyllingane kan sjå ulike ut, men har like behov for varme, mat og vatn. Dei pratar likt også, men ulikt oss mennesker.

Barna i barnehagen gjer seg også mange erfaringar i løpet av denne prosessen. Mange barn hugsar rugekassa frå året før når vi leitar den fram. Og dei pratar om kyllingane i lang tid etter at dei har flytta ut. Ekstra artig er det når vi kan besøke kyllingane etter at dei har blitt vaksne høner eller haner.

Vi følgjer barna inn i refleksjonar og tenker at posjektet vårt kan ha større betydning enn «her og no».



En liten kylling i egget lå.

Den banket og banket og banket på.

Her er så trangt, jeg vil ut og gå,

pep den og ynket seg der den lå.

Hakkhakkhakk!

Egget det sprakk!

Og et lite hode ut av det stakk.

Undrende sto den og tittet på

alt det den ute i verden så.

Solen den varmet og skinte på

marken og fugler og blomster små.

Pip pip den sa,


jeg er så glad.

Trangt det var i egget,

men her er det bra!



April 2025



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
14		1	2	3	4	5	6
15	7	8	9	10	11	12	13 Oliver 5 år! 
16	14 Barnehagen stengt	15 Barnehagen stengt	16 Barnehagen stengt	17 Skjærtorsdag, barnehagen stengt	18 Langfredag, barnehagen stengt	19 Påskeaftan	20 1. påskedag
17	21 2. påskedag, barnehagen stengt	22	23	24	25	26	27
18	28	29	30				

MAI

MoTo: Månadens bevegelse er hoppeaktivitet

RØRSTADMARKA BARNEHAGE, DET ER VI!

VI SYNGER OG LEIKER, ER ALLTID BLID!

HURRA, HURRA, HURRA!

UTELEIK OG TRADISJONAR

Mai måned er ein måned der trea får grønar farge, det blomstrar i mange fine fargar på markane og i blomsterbede og vi har lysare dagar. Denne månaden får vi kanskje varmare ver og kan ha på oss lettare kle slik at vi kan vere meir aktiv i uteleiken! Vi studera og plukkar blomstra, klatra i tre, hoppar paradiso, og mykje anna. Det er så godt å kunne vere i full aktivitet ute, kjenne på meistring og glede over å lære nye ting, vere saman med vennar og leike ilag.



Nasjonaldagen er og med å gjere denne månaden fargerik, med dei flotte fargane i flagget vårt. Vi lærer litt om kvifor og korleis vi feirer 17. mai i Norge og pyntar barnehagen med eigenprodusert kunst i raudt, kvitt og blått. Før den «ekte 17. mai» lagar vi til tradisjonelle 17.mai-aktivitetar som potetløp, kast på boks, sykkelløp og sekkehopp. Og kanskje kan barna «kjøpe» pølser i ein pølsekiosk. Dagen før nasjonaldagen øver vi på å gå i tog i nærområdet til barnehagen. Då bær vi fana vår, viftar med flagg, syng 17.mai-songar og ropar barnehageropet vårt.

Førskulebarna har gjennom året hatt førskuletreff i regi av barnehagen, men blir i denne perioden invitert til «innskuling» på barneskulen i lag med føresette. Desse dagane får dei bli kjend med skulen og prøve seg som skuleelevar, og får møte lærarar og andre barn dei skal gå i klasse med. Både førskuletreff og innskuling er i tråd med Rammeplanen sine føringar som seier at «barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen». (Kunnskapsdepartementet, 2017)



Mai 2025



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORS DAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
18				1 Offentleg høgtidsdag, barnehagen stengt	2	3	4 Vincenzo 4 år! 
19	5	6	7	8	9	10 Helene 2 år! 	11
20	12	13	14	15	16	17 Grunnlovsdag! 	18
21	19	20	21	22	23	24	25
22	26	27	28	29 Kristi himmelfarts- dag, barnehagen stengt	30 Planleggingsdag for personalet, barnehagen stengt	31	

JUNI

MoTo: Månadens bevegelse er uteaktivitet

OPPLEVINGAR OG OPPDAGINGAR

Varme dagar, solkrem på heile kroppen, gras som veks, insekt som flyg og kryp... Dette er typisk for juni måned! Men for små barneføtter kan dette vere første møte med graset som kilar dei barbeinte føtene eller får sand mellom tærne. Den første blomsteren eit barn får plukke og lukte på. Eller kanskje havna lukta av den i nasen og smaken i munnen? Dei vaksne i barnehagen får litt av kvart å følgje med på når dei yngste no får desse erfaringane for første gong.

For dei litt eldre og meir erfarne barna, er dette ei tid for fart og moro i sommarklede og joggesko, på insekts-, froske- og sommarfugl-jakt med forstørrelsesglas, hov eller terrarium. Blomster plukkast og blir til krans på hovudet eller fine bukettar på bordet. Kanskje blir det også første møtet med ein speidarkniv og spikking?



Skrubbsår, svette og nye utfordringar skal meistrast og lærast, og i barnehagen er det rom for alt dette.

Snart er det sommarferie og spennande opplevingar i lag med familie og vennar, men før det har barnehagen brukt å dra på sommartur! Tidlegare har vi besøkt både bondegårdar og Atlanterhavsparken, det er uansett ein tur i lag der barna får oppleve noko anna enn barnehagen og det kjente nærområdet.

Sommarfest i barnehagen blir det også i denne perioden. Her blir det grilling, sosialt samvær og leik nokre timar etter barnehagen si opningstid. Det brukar å vere ein kjekk kveld, og ei oppleving for alle.

Følelsar har som jobb å varsle oss om kva som er viktig for oss, om situasjonar som er farlege, om korleis vi har det her og no og om kva behov vi har.

Alle følelsar kjem med eit uttrykk, ein kroppsleg reaksjon, ein beskjed og eit behov. Viss vi skal kunne forstå beskjedane og møte behova på ein smart måte, er det lurt å vite noko om korleis dei ulike følelsane kjennes, kva dei vil fortelje oss og kva som gjorde at dei dukka opp.



Henta frå www.livetogsann.no



Juni 2025



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORS DAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
22 / 27	30						1
23	2	3	4	5	6 Ella 4 år! 	7 Pinseaftan	8 1. pinsedag
24	9 2. pinsedag, barnehagen stengt	10	11	12	13	14	15
25	16	17	18	19 Sebastian 2 år! 	20	21	22
26	23	24	25 Neitas 3 år! 	26	27	28	29

SOMMARTID!



I juli er det tid for ferieavvikling for store og små i barnehagen. Med færre barn og voksne på huset samarbeidar vi mellom avdelingane.

Desse vekene har vi gjerne felles turar og utflukter, samlingar og aktivitetar. Vi håper på ein varm og fin juli måned, med mykje utetid. Hugs solkrem, handduk, solhatt og drikkeflaske!

Barnehagen er stengt i veke 28 og 29.

Blomster små,

Gule, blå

titter opp av marken nå

Vinker til Marihøna-lill

For dei er så snill!

Blomster små,

Gule, blå

titter opp av marken nå

Vinker til Humla-lill

For dei er så snill!

Blomster små,

Gule, blå

titter opp av marken nå

Vinker til Bikuba-lill

For dei er så snill!

Blomster små,


Gule, blå








titter opp av marken nå

Vinker til Rørstadmarka-lill

For dei er så snill!

Juli 2025



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
27		1	2	3 Sara 4 år! 	4	5	6
28 Bhg = sommar- stengt denne veka	7	8	9	10	11	12	13
29 Bhg = sommar- stengt denne veka	14	15 Micaiah 5 år! 	16	17 Aleah 2 år! Phillip 5 år! 	18 	19 Ine 4 år! 	20
30	21 Eline 5 år! 	22	23	24	25 Kaja 5 år! 	26	27
31	28	29	30	31			


AUGUST



1. august startar det nye barnehageåret. Nye barn fyller plassane til barna som er ferdige med si tid i Rørstadmarka barnehage. I denne tilknytningstida skal barna bli kjent med både dei vaksne som jobbar her og med barna dei skal vere i lag med kvar dag.

Leik og vennskap er viktig, og saman med aktive vaksne har vi fokus på å skape gode relasjonar i lag. Det blir også turar i nærmiljøet til barnehagen.

August 2025



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
31					1 Kornelia 4 år!	2	3
32	4	5	6	7	8	9	10
33	11	12	13	14	15	16	17 Alvilde 4 år!
34	18 Luka 3 år!	19	20	21	22	23	24
35	25	26	27	28	29	30	31 Mathilde S. 5 år!

OVERGANGAR

HEIM - BARNEHAGE

Om våren inviterer vi nye barn og foreldre til å kome på besøk her i barnehagen. Da får ein helse på personale, sjå seg rundt i barnehagen og møte andre som skal begynne til hausten.

Når barnet begynner i barnehage skal barnehagen legge til rette for at barnet får ein trygg og god start. Dei første dagane er svært korte, og vi vurderer saman med foreldra kor tid dei kan dra. Det skal skje ei tilknytning mellom det nye barnet, personalet og dei andre barna.

MELLOM AVDELINGAR

Mot slutten av barnehageåret er det klart korleis dei nye barnegruppene kjem til å bli neste barnehageår. Dei barna som skal bytte avdeling, besøker si «nye» avdeling saman med ein vaksen frå si avdeling. Slik får barna tid og rom til å bli betre kjent med andre barn og personale.

BARNEHAGE - SKULE

For å få til ein god overgang frå barnehage til skule har vi eit samarbeid med skulen barna skal begynne på. Det blir arrangert fleire treff der barna får leike i lag med skulebarn, møte vaksne som jobbar der og sjå seg rundt både inne på skulen og bli kjent med skulen sitt uteområde.

I lag med Måseide barnehage har vi mange barn som skal begynne ved Rørstadmarka skule dette året. I samarbeid med skulen lagar vi eit samarbeid gjennom året som skal sikre at barna blir litt kjent med skulen og med dei barna dei skal bli førsteklasingar i lag med. Barn som soknar til andre skular i kommunen får følgje det samarbeidet dei legg opp til med barnehagane.




BARNEHAGERUTE

Barnehagane i Sula har fem planleggingsdagar for personalet kvart barnehageår. Desse dagane er barnehagen stengt.

2024 / 2025

Månad	Merknad
2024	
August	<i>Første dag i nytt barnehageår er torsdag 1. august. Planleggingsdag torsdag 15. august. Barnehagen er stengt på planleggingsdagane.</i>
September	
Oktober	<i>Barnehagen har ope i haustferien veke 41 (7. - 11. oktober) Planleggingsdag onsdag 16. oktober, barnehagen er stengt</i>
November	
Desember	<i>Siste dag i barnehage før jul: mandag 23. desember. Barnehagen har stengt arbeidsdagane mellom jul og nyttår.</i>
2025	
Januar	<i>Planleggingsdag torsdag 2. januar, barnehagen er stengt Første dag i barnehagen etter jul: fredag 3. januar</i>
Februar	<i>Barnehagen har ope i vinterferien veke 8 (17. - 21. februar)</i>
Mars	<i>Planleggingsdag mandag 24. mars, barnehagen er stengt</i>
April	<i>Barnehagen har stengt arbeidsdagane i påskeveka (14. - 16. april). Første dag etter påske: Tirsdag 22. april.</i>
Mai	<i>Planleggingsdag fredag 30. mai, barnehagen er stengt</i>
Juni	
Juli	<i>Barnehagen er stengt i veke 28 og 29.</i>
August	<i>Siste dag for barna dette barnehageåret er torsdag 31. juli. Nytt barnehageår startar fredag 1. august.</i>



Progresjon i barnehagen - alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang

Fagområder	1 - 2 - ÅR	2 - 4 ÅR	3 - 5 ÅR	5 - 6 ÅR
Kommunikasjon, språk og tekst - «Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet»	Verbalt og nonverbalt språk. Den vaksne som språkmodell, rim og rytme.	2-3 ordsytringar, betre artikkulasjon, høgtlesing, eventyr, rim og regler.	Lytte, vente på tur, bruke ord og føre samtale.	Gjenfortelje, beskrive, begynnande interesse for å skrive.
Kropp, rørsle, mat og helse - «Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barna verda og seg sjølv å kjenne»	Bli kjent med kroppen og få positiv sjølvoppfatning.	Meistre på- og avkledning, øve opp kroppskontroll.	Vurdere og meistre risiko-fylt leik, finmotorikken veks.	Kunnskap om menneskekroppen, eigne og andre sine grense, sunt kosthald.
Kunst, kultur og kreativitet - «Å vere saman om kulturelle opplevingar eller skape noko felles, bidreg til å høyre saman»	Kjennskap til og kunne uttrykke seg gjennom forming, musikk, dans og drama.	Bli kjent med ulike uttrykksformer i forming, teater, musikk,...	Barna dramatiserer, uttrykker seg og formidlar gjennom kunst, kultur og estetikk.	Utviklar evne til å bearbeide og kommunisere sine uttrykk gjennom skapande verksemd.
Natur, miljø og teknologi - «Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i alt slags ver»	Få positive opplevingar i og om naturen, i alt slags ver.	Lære seg gode haldningar og respekt for naturen. Ta i bruk digitale verkty.	Begynnande kjennskap til naturen og menneskets livs-syklus. Kunne bruke tilgjengeleg teknologi.	Begynnande forståing for omgrepet "bærekraftig utvikling" og menneskets samspel med naturen.
Mengd, rom og form - «Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna sin grunnleggjande matematisk kompetanse»	Få forståing for samanheng mellom nære ting.	Utforske og oppdage matematikk i dagleglivet.	Oppdage og bli kjent med mønster, former og matematiske omgrep i dagleglivet.	Talrekka, motsette omgrep (størst-minst) og bli kjent med måleiningar.
Etikk, religion og filosofi - «Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdier, normer og haldningar»	Opplere seg sett hørt og forstått.	Meistre og finne glede i samvær og samspel med andre.	Respektare andre, hevde seg sjølv og eigne behov.	Formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar.
Nærmiljø og samfunn - «Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring»	Lære namn på seg sjølv og få oversikt over kven som er i familien.	Få betre oversikt over familien og nærmiljøet.	Namn på familiemedlemmar, plassere barnehagen i nærmiljøet og begynnande forståing for eiga plassering i fellesskapet.	Plassere seg sjølv i heimemiljøet og i nærmiljøet, samfunnet og verden.